

REINESKARVET II, III

Tekst Steingrim Nuten

Reineskarvet I

Som eg vonar lesarane har fått med seg hadde eg ein fin tur til Reineskarvet i august førre året. Så mykje stein vart



det ikkje, men han er ikkje galen denne her albitten vel? Klar og fin, - ein grei stein skulle eg meine. Store biten er krystallet på bilete ikkje, omlag 5 millimeter i øvre kanten. Men dei sit tett og dei er klare. Ikkje noko settja på peishylla. Godt det, der er trongt nok. Dei går i skuffen, men vert ikkje gløymd. Så

også med ikkje-gløym-meg blomane, og dei kom no på prent dei med. Men dei sit også i hovudet som den gode dagen gjer.

Draumen

Eg ville og måtte gjerne attende til Reineskarvet, visste jo om folk som hadde kunnskap om dette fjellet, som kjende til kvar og korleis. Dei visste om staden, den med kvartsen, - dei store. Det var noko med ein snøbre, - snø som oftast lag over sommaren, i eit skar eit stykke oppi. Men Reineskarvet er fleire mil langt, denne tverrveggen i nordenden av Hallingdal. Djupe skar med snø i finst i hundretal så eg meinte det ville vera til føytttes å ta meg opp der åleine. Det ville

no verte ein fin tur, men det fekk vera med ein botaniseringstur. Nei, neste gong måtte det verte handfaste saker som ikkje visnar. Og der sto tankane.



Reineskarvet II

Det skulle kome til å gå ei tid før høvet kom då ein laurdagsmorgon fyrste veka i august vennen Jan svinga inn på tunet. Om det ikkje var lageleg med ein Reineskarv-tur? Det var det. Vi la i veg med godt mot - ein dryg fimtes kjøretur og så ut å gå. Men kvar skulle ein ta i veg. Vidda ligg open og hevar seg slakt før den bratte milelange Reineskarvsveggen brått går til himmels. Dei nesten loddrette 300 meter ravinane er mange og dei fleste endar i større eller mindre snøflekker. Det vart ikkje så greit å ta eit val, det var nokre år sidan Jan hadde vori på denne plassen. Men etter å ha granska veggen på god avstand med kikkert valde vi oss eit skar som såg lovande ut og som tykkjast kjend Marsjen inntil berget over

den slakke vidda gikk greit. Godt oppglødde merka vi lite til det litt gufne veret. Ikkje mykje skyer, ikkje regn, men eit vedvarande trykk av rå luft frå sør. Ei luft som brått vert pressa opp mot berget og den tronge faskløfta med dei lause steinane der vi gjekk. Halvvegs opp i berget vart det tett skodde av dette. Så vi fekk freista ut dugleik og spensl. Dansen brått oppetter gjennom skoddeheimen, på svingande blaute lavvokste steinblokker, - men rett som det var meinte vi å skimte kvartsaer. Men nær toppen etter eit par timers klatring

måtte vi innsjå at dette ikkje var staden. Det kjendes ikkje godt. Gå attende til start, heiter det i terningspela. Så gjort, - vegen er ikkje alltid målet. Fram og attende, - opp og nedatt er dobbelt så langt, - minst. Vi fann eit nytt og lovande skar eit par hundre



*Billettekslar frå venstre mot høgre:
Det store:*

Reineskarvet sett frå Sørvest

Frå venstre mot høgre:

Feltspatærystall (var albitt)

Skeddå vert fødd

Jan fer varsamt fram

Best før vask

meter mot aust. Så nesten til opp til toppen av Reineskavet



ein gong til. Det vart ein ny bomtur ned att, og etterkvart møre beinmuskclar. Fem timar var no gått og dagen gjekk sin gang. Men nett som vi ville gje opp, gjekk vi på han, forekomsten, og vi hadde gått forbi han ein

gong på vår hastige ferd mot toppen. Men det var ingen snøflekk der. Den var borte så det var årsaka til at han Jan ikkje kjende seg att.

Men nei, var vi ikkje seine om å gå løs på berget. Og kvartskrystallane var ikkje vanskeleige å ha med å gjera. Dei var lause frå naturen si hand. Reidskapan fekk mest liggje ubrukt. Men det må ha rista og skaka seg svært dette berget gjennom årmillionane. Stuffane ser bra ut så lenge dei får ha på leiredrakta. Litt



vask avdekkjer at det er svære skader på dei fleste

krystalla. Leit det, men ikkje noko å gjera åt. Og dei største krystalla har dei største skadane, rimeleg det, så sekkane var ikkje så tunge å hera beinnett. Godt det og, det var ein god tur i godt lag, så kanskje det kan vera at



vegen er målet likevel? Men det blei seint, - svært seint.

Reineskarvet III

Eit par veker seinare baud det seg eit nytt høve til å ta turen oppatt. August-tørka hadde fått riktig godt tak, bekkar og myrvar var blitt svært så turre og kraftmagasina i nærleiken rett tomme etter det ville spekulasjonssalet av kraft vinter og vår. Ja, vi får det på rekninga no. Takk for det.

Vegen opp gikk greit unna i det fine veret, men litt drøsing med smalen måtte ein også ta seg tid til, det nærma seg fårikåltid og eg kunne slå fast at han var i godt hald. Berget på

forekomsten var også i godt hald, eg jobba meg inn litt til venstre for der vi var sist. Ikkje noko serskild godt val



trur eg men litt annleis var krystallane her, litt meir alptype meinar eg, ein annan generasjon. Men tida gjekk for fort denne gongen også. Så det kom ikkje så mykje ut av det denne gongen heller. Men eg hadde med beste-kameraten så det gjorde ikkje noko, fint ver hadde vi, og godt med mat og drikke. Og det ble en Reineskarvet IV seinare på hausten og Reineskarvet V på Jan og Bjørn,

det får vi koma tilbake til ein annan gong. I det

Billettekstar:

Det store: 66 386 km² stein.

Utsynet frå forekomsten.

Gaustadtoppen litt til venstre for midten

Med utsynet i ryggen

Turre bekkar

Under bratta

Bestevenen. Forekomsten ned mot fjøgre

Smalen mot søraust

"Alpintypekvarts" frå

Reineskarvet

